



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar: 6bee65f7-bd12-47b8-
b4a4-8d71afdb6f13
Vår: 21/3485 - 21/29974

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen
ketil.mikkelsen@alver.kommune.no

Dato:

03.05.2021

Tillatelse til avkørsel frå kommunal veg - gbnr 233/113

Tiltak: Utvida/endra bruk av eksisterande avkørsel
Byggestad: Ørnnova 39 – 5993 Ostereidet
Tiltakshavar: Bjarne Holsen
Ansvarleg søkar: Kålås Bygg AS

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkørsel frå kommunal veg, ved nybygg av garasje med leiligheit.



Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkørsel i samband med bygging av garasje med leiligheit i loftsdel. Eksisterande avkørsel blir endra geometrisk med meir rett utkøyning på kommunal veg.

Vurdering/drøfting:

Ørnnova er kommunal veg. Det er ikkje skilta fartsgrense på staden. Fartsgrense på staden vist i vegkart er 50 km/t. Siktzone skal då normalt være 45m. Avkørsla som det søkast utvida bruk for,

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

ligg heilt i enden av den kommunale vegen. Det er ikkje fare for høg fart på staden. Siktzone på 3x 20m, som vist i søknaden, vert vurdert som tilfredsstillande.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning, finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsel på gbnr 233/113 på vilkår.

Vedtak:

Akommune gjev løyve til utvida bruk og endra geometrisk utforming av eksisterande avkjørsel frå kommunal veg på gbnr 233/113 på vilkår. Løyve er gitt med heimel i veglova §§ 40-43.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsel skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsel som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsel fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsel, sikt, svingradius, drenering under avkjørsel og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone skal være etablert ihht krav gitt i Vegnormal N100. Siktzone er satt til 3 x 20 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre sikthindringar. Eigar/brukarane av avkjørsla skal, til ein kvar tid, halde siktsona fri for vegetasjon og annet som tek sikt i avkjørsla.
- Svingradius i avkjørsla vert sett til $R = 4$ meter.
- Ved fall mot offentlig veg må avkjørsel byggjes og vedlikehaldes slik at den ikkje leder overvatn og søle inn på offentlig veg. Avkjørsla bør, på dei to første meterane, ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm før vegen stiger.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i og ut i frå kommunal veg.
- Det skal, under avkjørsla, leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.

Alver kommune gjer merksam på at arbeid med utbetring av avkjørsel kan være søknadspiktig etter plan og bygningslova.

Alver kommune opplysar om offentlig VA-leidningsnett langs vegen mot avkjørsla. Arbeid langs vegen som kan ha påverknad for VA-leidningar, skal meldast til kommunen sin VA avdeling. Kartgrunnlaget til kommunen visar og private røyr i grunn – Vedlagt VA-kart.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Ketil Mikkelsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VA_Ørnnova

Kopi til:

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG